



Romarheim AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2463 - 18/27085

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
04.09.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/469 Alver

Tiltak: etablering av veg
Byggjestad: Gbnr: 137/469 Alvervegen 25
Tiltakshavar: Romarheim AS
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.08.2018.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av veg – Galteråsen med 700m lengde og bredde ca.7m kjørebane. Med grøft vert det opptil ca. 9,5m. bredde, men dette vil variere. Vegen er vist med opptil 6m fylling og 9m skjering, men dette vil variere.

Vegen vert etablert på gbnr 137/772, gbnr 137/13, gbnr 137/804, gbnr 137/23 og gbnr 137/811.

I høve nabovarsling, så har 137/89, gbnr 137/219 og gbnr 137/772 samtykket med skriftleg tilbakemelding pr. e-post.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det manglar skriftleg stadfesting frå gbnr 137/811 og gbnr 137/804 om at dei har motteke nabovarsel. Det bes oversendt skrifteleg tilbakemelding frå grunneigarane om at nabovarsel er motteke på e-post eller anna skrifteleg stadfesting frå dei.
2. Det manglar nabovarsling gbnr 137/474 (både eigar og festar), gbnr 137/505 og gbnr 137/557 (same heimelshavar) og gbnr 137/23, sjå vedlagte eigarliste som kan nyttast.



- Ein redegjørelse for masseberekning ved etablering av ca. 7m brei veg med fylling og over lang strekkje.
- Ein redegjørelse kva slags tidsperspektiv det er tenkt at dispensasjonen skal gjelde for.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 03.10.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Veg- Galteråsen - eigarar og naboliste (L)(385084)

Mottakarar:

Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
Romarheim AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND